

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Søknad om løyve til bygging av Brekka kraftverk i Balestrand kommune.

Vi viser til NVE sitt høyringsbrev av 12.01.2015 og til konsesjonssøknaden med vedlegg som vi har fått tilsendt. Fråsegna er mellom anna basert på søknaden, info henta via nettet, eigen kunnskap og samtaler med lokalkjende.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 6.081. Brekka kraftverk ligg i Balestrand og Høyanger Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://bhtur.no/>

Om friluftsliv i området:

Det som – svært kortfatta – står om friluftsliv i punkt 3.14 i konsesjonssøknaden, er etter dei opplysningane vi har fått, ganske dekkande. Dette er eit område som først og fremst vert brukt lokalt.

Den store halvøya mellom Lånefjorden og Høyangsfjorden er viktig – nokon vil seie svært viktig – for friluftslivet, men den delen av halvøya som vert klårt mest brukt, ligg vestafor utbyggingsområdet for Brekka kraftverk. Konfliktnivået mellom Brekka kraftverk og friluftslivet er derfor lågt etter den kunnskapen vi har.

Kommentarar til utbyggingsplanane:

2.1 Hovuddata: Ei slukevne i intervallet mellom maksimum 258% og minimum 12,9%, med inntak av 3 ulike elvar, og med eit lite ”reguleringsmagasin”, indikerer at dette er ei hard og ganske omfattande utbygging til å vere eit småkraftverk. Den prosentvise vassutnyttinga vert uvanleg høg.

2.2.3 Reguleringar og overføringar: Brekkevatnet ser av fotomaterialet ut til å ligge heilt på grensa til Sårbart høgfjellsterreng. Sett frå vår synsstad vil det vere ein fordel om hevinga av vasstanden i Brekkevatnet vert redusert til 20 – 30 cm, slik at den samla reguleringshøgda vert 70 – 80 cm. Dette for å redusere storleiken på ”sørgjeranda” rundt vatnet som følgje av reguleringa.

2.2.4 Inntaket: Vi har ikkje spesielle merknader.

2.2., 2.2.6, 2.2.7, 2.2.8 og 2.2.9 Bekkeinntak og overføringar: Slik vi bedømmer det, ut frå konsesjonssøknaden, ligg alle bekeinntaka med tilhøyrande overføringar, inne i område med Sårbart høgfjellsterreng, jf. OED sine Retningslinjer. Bruken av 2 boretunnelar verkar litt ”formildande”, men likevel vert dei samla inngrepa relativt store til å gjelde ei så pass lita utbygging. Viss utbygging, er det viktig at det vert gjort ”pent arbeid”.



2.2.10 Vassveg inntak i Brekkevatnet - kraftstasjon: I dette bratte og sårbare terrenget vil det heilt klårt vere ein stor fordel med bruk av boretunnel frå inntaket og nedover til der røyrgata er planlagd lagd i nedgrave røyr. **Vi ber NVE vurdere å krevje dette.** Frå vår side er vi ”lite begeistra” for ei røyrgate i dagen som kryssar ein stølssti fleire gonger. Viss dette hadde vore i eit viktig friluftsområde, hadde vi ”protestert høglydt”. Det gjer vi ikkje no, men vi likar det ikkje! Vi ser at nedsprengring av røyrgata på den aktuelle strekninga truleg ville føre til enda større inngrep, så bruk av boretunnel ville vere det absolutt beste.

2.2.11 Kraftstasjonen: Vi har ikkje konkrete merknader til plasseringa av kraftstasjonen. NB! Det er viktig med god støydempering, slik at støy ikkje breier seg ut over fjorden. I tillegg er sjølvstøtt god støydempering viktig av omsyn til dei som bur og ferdast i nærområdet.

2.2.12 Vegbygging: Det er gledeleg at det ikkje skal byggast veg høgre opp enn til ca. kote 230. Viss ein skulle bygd veg heilt opp til inntaket, ville inngrepa i den bratte fjellsida vorte omfattande. Dei blir sikkert ”store nok” sjølv om vegbygginga vert avslutta på kote 230.

2.2.13 Kraftlinjer: Vi har ingen spesielle merknader.

2.5.4 Inngrepsfrie naturområde: I tilknytning til dette punktet vil vi nemne at så å seie heile det Villmarksprega området, og svært mykje anna INON på austsida av Fjærlandsfjorden, vil bli ”utradert” som følgje av summen av at det er gitt konsesjon til både Lidal kraftverk, Romøyri kraftverk og 132 kV-linja Fjærlandsfjorden – Grindsdalen. Også i fjellområda mellom Årdal og Lustrafjorden er det konsesjonssøkt kraftutbyggingar som vil ”utrudere” store areal INON, inklusive mykje Villmarksprega område. Det konsesjonssøkte Kråkeelvi kraftverk vil også føre til stort INON-tap. **Sumverknadane av INON-tap som følgje av vasskraftutbygging, vindkraftutbygging og kraftlinjebbygging er ei stor og viktig problemstilling i Sogn og Fjordane!**

Kommentarar til verknadane av utbygginga:

Vi kommenterer her berre enkelte av punkta i konsesjonssøknaden.

3.5 Raudlisteartar, 3.6 Terrestriske miljø og 3.7 Akvatisk miljø: Konsesjonssøknaden med vedlegg viser at det er ein heil del konflikhtar på desse fagområda. Vi har ikkje gått grundig inn på problemstillingane i tilknytning til dette, og går ut frå at dette vert gjort av andre høyringsinstansar, og av NVE, sjølvstøtt.

3.8 Landskap og INON: Biletmaterialet i konsesjonssøknaden med vedlegg (døme: Sjå side 8 i konsesjonssøknaden) viser at delstrekningar av dei 3 utbyggingsaktuelle elvane er godt synlege frå hovudvegen på motsett side av Lånefjorden. I sum er dei 3 elvane nokså viktige i landskapet, men neppe dominerande bortsett frå når det er stor flaum. INON-bortfallet som følgje av utbygginga er også relativt betydeleg. I sum blir det ein heil del konflikhtar, slik det også går fram av konsesjonssøknaden.

3.14 Brukarinteresser: Vi viser til det vi har skrive om dette først i fråsegna.

3.20 Samla belastning: Vi viser til det vi har skrive om INON-bortfall tidlegare i fråsegna. Både langs Sognefjorden og i heile Sogn og Fjordane er til dels omfattande INON-bortfall eit stort problem. Sognekraft AS og selskap dei har store eigarinteresser i, har dei siste åra fått konsesjonar, og har konsesjonssaker til handsaming som i sum vil gje **svært** omfattande INON-bortfall ved, og i nærleiken av Sognefjorden. Nokre døme: Feios kraftverk, Leikanger kraftverk, Offerdal kraftverk og kraftlinja Fjærlandsfjorden – Grindsdalen.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Konfliktane med friluftslivet er ikkje store nok til at vi ønskjer å gå mot bygging av Brekka kraftverk, sjølv om det er sider ved utbygginga som vi "ikkje likar".

På andre fagområde enn friluftsliv, er det klare konfliktar både når det gjeld denne konkrete saka og når det gjeld sumverknadar. Ein del av desse konfliktane har vi skrive om tidlegare i fråsegna. Dette dreiar seg også om ei dyr og lite lønsam utbygging, slik at fordelane med denne utbygginga er mindre enn for dei fleste andre småkraftverk. Det er også konfliktar med OED sine retningslinjer. Dei avvegingane mellom fordelar og ulemper som NVE må gjere er sikkert vanskelege i denne saka, men frå vår side vil vi akseptere og respektere NVE si avgjerd uansett kva den blir.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)